



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2019

Trender og utvikling 2010-2019

Tabellsamling 2015-2019

NIBIO RAPPORT | VOL. 7 | NR. 47 | 2021



Marius Berger, Heidi Knutsen

Divisjon for Kart og statistikk, Driftsøkonomisk analyse

TITTEL/TITLE

Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2019. Trendar og utvikling 2010-2019
Tabellsamling 2015-2019

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Marius Berger, Heidi Knutsen

| | | | | | |
|-------------------|--------------------------------|-------------|--------------------------------------|---------------------------------|---|
| DATO/DATE: | RAPPORT REPORT NO.: | NR./ | TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY: | PROSJEKTNR./PROJECT NO.: | SAKSNR./ARCHIVE NO.: |
| 05.03.2021 | 7/47/2021 | | Open | 14305 | 17/00916 |
| ISBN: | ISSN: | | ANTALL NO. OF PAGES: | SIDER/ | ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES: |
| 978-82-17-02797-3 | 2464-1162 | | 117 | | |

OPPDRAUGSGIVER/EMPLOYER:

Landbruks- og matdepartementet

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Marius Berger

STIKKORD/KEYWORDS:

Driftsøkonomi, foretaksøkonomi

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Regional økonomi Agder og Rogaland

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Rapporten viser ei oversikt over utviklinga i landbruket dei siste 10 åra i Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2019 var det med totalt 930 bruk, der 156 var frå Agder fylka og Rogaland; 97 i Rogaland, 29 i Vest-Agder og 30 i Aust-Agder. Jordbruksinntekta gjekk ned for alle driftsformer med unnatak av ammeku i Andre bygder og mjølk og svin på Jæren. Driftsforma mjølk/svin på Jæren hadde den høgaste jordbruksinntekta. Lågast jordbruksinntekt hadde sauebruk i Andre bygder. Nettoinvesteringane gjekk ned på Jæren og i Andre bygder samanlikna med året før. Samla gjeld auka i på Jæren. I Andre bygder vart gjelda lågare enn året før.

LAND/COUNTRY:

Norge

FYLKE/COUNTY:

Agder og Rogaland

KOMMUNE/MUNICIPALITY:

Bergen

STED/LOKALITET:

Bergen

GODKJENT /APPROVED

Hildegunn Norheim

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Heidi Knutsen

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Forord

Driftsgranskingane er ei årleg rekneskapsgransking som i 2019 omfatta 930 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og lokal differensiering vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Denne rapporten inneheld lokale data frå Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Rapporten er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 97 bruk frå Rogaland og 59 bruk frå Agder-fylka. Bruka vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Det er frivillig å vere med i driftsgranskingane, og vi ønskjer spesielt å takke alle deltakarane i som har bidrege med rekneskap og opplysningar om avlingar og arbeidsforbruk. Driftsgranskingane er ein del av den offisielle statistikken i Norge, og gjev viktig informasjon om den økonomiske utviklinga i landbruket.

Grunnlagsmaterialet for driftsgranskingane vert utarbeidd ved fleire av kontora til NIBIO, og mange medarbeidarar er involverte i arbeidet. Kontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Agder og Rogaland.

Heidi Knutsen er prosjektleiar for driftsgranskingane medan Marius Berger har skrive rapporten med bidrag frå Heidi Knutsen. Geir Harald Strand har lese gjennom rapporten, og Anne Bente Ellevold har klargjort manus for publisering.

Bergen 05.03.21

Heidi Knutsen

INNHALD

| | | |
|-----|--|-----|
| 1 | Innleiing | 5 |
| 2 | Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2019 | 6 |
| 3 | Trender og økonomisk utvikling siste tiåret | 11 |
| 3.1 | Resultatmål i jordbruket..... | 11 |
| 3.2 | Totaløkonomi | 17 |
| 3.3 | Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent | 19 |
| 3.4 | Inntektsverknad av jordbruksfrådraget..... | 21 |
| 4 | Tilleggsnæringar | 24 |
| 4.1 | Økonomi og arbeidsforbruk | 24 |
| 5 | Tabellsamling 2015-2019..... | 27 |
| 6 | Forklaring på faguttrykk i tabellsamlinga | 116 |

1 Innleiing

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskinga alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI) ved opprettinga i 1947. Etter fusjonen mellom sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket og NLI til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) i 1986, vart driftsgranskingane overtatt av NILF. Frå 1. juli 2015 gjekk NILF inn i Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og driftsgranskingane vert førte vidare i det nye instituttet.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og innspel til offentleg politikk og forvaltning. Granskinga skal også gje grunnlag for dokumentasjon for den samfunnsøkonomiske verdiskapinga i landbruk og tilknytte næringar.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane, dei siste åra er tal deltakarbruk noko redusert. I 2019 var det i alt med 930 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Bruk som vert trekte ut, skal ha ei standard omsetning større enn kr 150 000. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 70 år. Kwart år vert knapt 10 prosent av deltakarbruka skifta ut.

Det var 59 bruk frå Agder-fylka og 97 bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskingane i 2019. Dei 156 bruka er fordelte på to regionar, Jæren med 64 bruk og Agder og Rogaland andre bygder med 92 bruk.

Kapittel to i denne rapporten inneheld driftsresultatet for jordbruket i Agder og Rogaland i 2019. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar, og alle bakgrunns-data er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel fire ser nærmare på tilleggsnæringar det gjeld økonomi og arbeidsforbruk. Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Agder og Rogaland for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for Jæren og Agder og Rogaland andre bygder, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Utvalet av bruk i driftsgranskingane skal ikkje vere representativt for jordbruket i kvart fylke, men for regionane. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2019

Hovudtendens

- **Nedgang for alle produksjonar i Agder og Rogaland andre bygder**
- **Auke på Jæren, men framleis nedgang for mjølkeprodusentar**
- **Låge nettoinvesteringar i begge regionar**

Jordbruksinntekta til jær bøndene auka med 15 prosent frå 2018 til 2019. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren 310 000 kroner per årsverk i 2019. I resten av Rogaland og Agder¹ gjekk jordbruksinntekta ned med 22 prosent, til 232 500 kroner.

Nettoinvesteringane var i gjennomsnitt -20 800 kroner for bruk på Jæren i 2019, 22 400 kroner i Agder og Rogaland andre bygder og 113 800 kroner i gjennomsnitt for landet. Negative nettoinvesteringar på Jæren inneber at produksjonsapparatet ikkje vert fornya i takt med slitasjen. Samanlikna med tidlegare år var det en sterk nedgang i nettoinvesteringane, som har vore relativt høge i begge regionar dei siste åra.

I begge regionane vart det ein auke i avlingar, samanlikna med tørkeåret 2018. Dette gav positive utslag når det gjeld inntekter frå planteproduksjon. For husdyrprodusentar har marknadssituasjonen vore krevjande, og prisane på fleire viktige husdyrprodukt gjekk ned. Dei totale kostnadene inklusive avskrivningar auka med fire prosent på Jæren, medan dei gjekk ned med ein prosent i andre bygder.

I samband med tørken i 2018 vart det utbetalt avlingsskadeerstatning til mange produsentar. Erstatningane kom i 2018, medan enkelte etterverknader av tørken kom i 2019. Blant anna førte mindre besetningar til lågare inntekter frå husdyrhaldet. Difor er resultatet for 2019 påverka av tørken i 2018. Det er for bruka i Agder og Rogaland andre bygder at dette har påverka jordbruksinntekta mest for 2019. I 2018 fekk bruka i denne regionen i snitt høgare avlingsskadeerstatning samanlikna med Jæren. Jordbruksinntekta på Jæren har over lang tid vore høgare enn Andre bygder, og medan det motsette vart tilfellet i 2018.

Jæren

Nedgang i jordbruksinntekta på **mjølkeproduksjonsbruka** heldt fram i 2019 og vart redusert med 7 prosent samanlikna med året før, til i gjennomsnitt 225 600 kroner per årsverk. Jordbruksinntekta gjekk ned for tredje året på rad for denne driftsforma, og ligg omlag 84 200 lågare enn snittet for alle bruk for Jæren. Nedgangen frå 2018 til 2019 forklarast i stor grad av kostnadsauke.

I gjennomsnitt hadde bruka i denne gruppa 34,0 årskyr, ein auke på 0,4 årskyr frå 2018. Omsett mjølk gjekk opp med 2 prosent til 222 761 liter. Omsett storfekjøtt gjekk opp med 1 prosent frå 2018 til 2019, til 8,35 tonn. Arbeidsinnsatsen vart om lag uendra og var på 1,8 årsverk.

Produksjonsinntektene auka med to prosent. Mjølkeprisen gjekk ned med 0,06 kroner per liter for mjølkebruka på Jæren, og var i gjennomsnitt 5,78 kroner. Prisen på storfekjøtt gjekk ned med 2,86 kroner per kg for kukjøtt og 0,67 kroner per kg for anna storfekjøtt. Dei variable kostnadene auka med tre prosent, medan dei faste kostnadene inkl. avskrivningar auka med sju prosent.

¹ I driftsgranskingane er jordbruket i Rogaland og Agder delt inn i to regionar; «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder».

Nettoinvesteringa i 2019 låg på -156 600 kroner i gjennomsnitt per bruk. Det er ein kraftig nedgang på heile 472 000 kroner samanlikna med 2018. Sjølv om nettoinvesteringa var negativ for desse bruka, vart det likevel investert ein del i nyanlegg. Det ble investert mest i maskiner og reiskap. Den samla gjelda var på 5,05 millionar kroner, ein nedgang på tre prosent. Rentekostnaden auka med 13 prosent frå 2018 til 2019.

Bruka med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald på Jæren har hatt auke i jordbruksinntekta etter eit kraftig fall på 44 prosent frå 2017 til 2018. Jordbruksinntekta gjekk opp med sju prosent til 358 700 kroner per årsverk. Inntektsauke frå mjølk, storfekjøtt og frå svinehaldet påverka resultatet positivt for bruk med mjølkeproduksjon kombinert med svinehald på Jæren. Jordbruksinntekta gjekk opp, trass i at samla kostnader auka med seks prosent frå 2018 til 2019.

Prisane på mjølk fall med 0,03 kroner per liter, medan pris på storfekjøtt frå okse og kvige gjekk opp med 1,40 kroner per kg og pris på kukjøtt fall med 0,21 kroner per kg. For slaktegris gjekk prisen ned med 0,20 kroner per kg, og smågrisprisen gjekk ned med 83 kroner per seld smågris.

Årskutalet auka med 2,6 årskyr til 54,1 årskyr. Ytinga gjekk opp med 1 prosent og låg på 8 318 liter per årsku i 2019. Det vart omsett seks prosent meir mjølk frå 2018 til 2019, i gjennomsnitt 402 200 liter mjølk. Det vart omsett 1,5 tonn meir storfekjøtt inkludert kukjøtt i 2019 enn i 2018, i gjennomsnitt 14,7 tonn. Det vart omsett 69,9 tonn slaktegris i 2019 og selt 625 smågris. Omsett kg slaktegris auka med seks prosent, medan tal smågris som vart selde, gjekk ned med ein prosent. Arbeidsinnsatsen gjekk opp med ti prosent, og var på 2,5 årsverk i 2019.

Nettoinvesteringane på desse bruka var i gjennomsnitt 94 500 kroner i 2019. Til samanlikning var nettoinvesteringane året før, i 2018, på 168 900 kroner. Blant bruka i denne gruppa vart det investert mest i driftsbygningar. Gjelda gjekk opp med om lag 0,7 millionar kroner til 9,8 millionar kroner.

Det er få bruk i denne gruppa med berre 11 bruk i 2019. Endringar på enkeltbruk, eller utskifting av bruk, kan gje store utslag for gruppa.

Mjølkeproduksjonsbruka utgjer den største gruppa av bruk på Jæren. Sjølv om jordbruksinntekta gjekk ned for denne gruppa, auka inntekta i gjennomsnitt for alle bruka på Jæren. Blant driftsformene som ikkje vert presenterte her, auka jordbruksinntekta med 40 prosent. Det er 33 bruk som er med i denne gruppa, som inkluderer blant anna bruk med korn og kylling som hadde stor auke i jordbruksinntekt frå 2018 til 2019.

Av dei samla inntektene til familien på Jæren, utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 50 prosent i 2019, 4,2 prosentpoeng meir enn i 2018. Tilleggsnæringar utgjorde fem prosent, og lønsinntekt 35 prosent. Resten av inntekta er skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld auka med 200 000 kroner frå 2018 og var på 6,0 millionar kroner per bruk i 2018 på Jæren. Rentekostnaden gjekk opp med 14 000 kroner til 201 000 kroner.

Maksimalt jordbruksfrådrag har vore 166 400 kroner sidan 2012. Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå Jæren 336 300 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 26 600 per årsverk på Jæren. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla frå driftsgranskningane.

Agder og Rogaland utanom Jæren

For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren, gjekk produksjonsinntektene ned med sju prosent og kostnadane gjekk ned med fire prosent. Dette ga eit fall i jordbruksinntekta på 22 prosent samanlikna med året før. Lågare inntekter frå mjølk og andre tilskot bidrog i stor grad til denne nedgangen. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta 240 800 kroner per årsverk. Årskutalet gjekk ned

med 2,2 til 25,7 årskyr. Ytinga per årsku var på 7 500 kg og , omsett mjølk gjekk ned med 10 prosent til 172 800 liter.

Mjølkeprisen gjekk ned med 0,18 kroner per liter i til 5,49. Produksjon av storfekjøtt gjekk opp med 13 prosent og var på 7,1 tonn i 2019. Prisen på storfekjøtt (utanom ku) gjekk ned med 1,80 kroner per kg, medan prisen på kukjøtt gjekk ned med 2,00 kroner per kg.

Arbeidsinnsatsen gjekk litt opp, og utgjorde 1,9 årsverk i 2019. Nettoinvesteringa vart redusert med 160 00 kroner til 51 700 kroner i 2019. Det vart investert mest i driftsbygningar blant bruka i denne gruppa.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald i Agder og Rogaland utanom Jæren oppnådde ei jordbruksinntekt på 193 600 kroner i 2019, det er 142 500 kroner (42 prosent) mindre enn i 2018. Produksjonsinntektene gjekk ned elleve prosent, som følgje av lågare inntekter på kjøtt og mjølk. I tillegg gjekk andre tilskot inklusive avlingsskadeerstatning, ned. Bruka med mjølk og sau hadde 21,3, årskyr, noko som er 1,3 mindre enn året før . Til saman vart det produsert 7 800 kg mjølk per årsku i 2019. Dette ga ein nedgang i mjølkeytinga på tre prosent samanlikna med året før. Det vart også omsett åtte prosent mindre mjølk i 2019, 152 400 liter. Tal vinterfôra sauer gjekk ned med 27 prosent til 116, og omsett lammekjøtt gjekk ned 20 prosent til 2,7 tonn. Mykje av nedgangen i produksjonsvolumet kan skuldast nedslakting av buskap grunna lite fôr i tørkeåret 2018.

Prisen på lammekjøtt auka med 1,28 kroner per kg og prisen på storfeslakt (okse og kvige) gjekk opp med 1.22 kroner per kg. Prisen på kukjøtt og sauekjøtt gjekk ned med høvesvis 5,00 og 4,78 kroner per kg. Mjølkeprisen gjekk ned med 0,07 kroner per liter. Det er særleg nedgang i inntektene frå sauehaldet, samt nedgang i mjølkeproduksjon som bidrog til at husdyrinntektene fall frå 2018 til 2019.

Arbeidsinnsatsen var omtrent uendra på 1,9 årsverk i 2019. I 2019 låg nettoinvesteringane på 2 400 kroner, noko som er ein nedgang på 105 700 kroner samanlikna med året før. Negative nettoinvesteringar i driftsbygningar bidrog hovudsakleg til denne nedgangen. Det vart investert mest i maskiner og reiskap.

Jordbruksinntekta for bruk med einssidig sauehald i Agder og Rogaland andre bygder gjekk svært mykje tilbake frå 2018 til 2019. Jordbruksinntekta var på 98 700 kroner, som er ein nedgang på 43 prosent samanlikna med året før. Produksjonsinntektene gjekk i ned med 15 prosent frå 2018 til 2019 (i hovudsak som følgje av at det i 2018 vart utbetalt avlingsskadeerstatning pga. tørke). Mykje av dette skuldast periodisering av avlingsskadeerstatning og nedslakting av dyr i samband med fôrsvikt i 2018.

Tal vinterfôra sauer gjekk ned med 15 prosent frå 2018 til 2019 til 135 vinterfôra sauer. I tillegg gjekk omsett sau- og lammekjøtt ned med seks prosent. I alt vart det produsert 4,3 tonn sau- og lammekjøtt. Etter fleire år med fallande prisar som følgje av overproduksjon, gjekk prisane opp for saue- og lammekjøtt med høvesvis fem og fire prosent. I snitt var prisen på sauekjøtt på 10,57 kroner, medan prisen på lammekjøtt låg på 50,29 kroner. Dei variable kostnadene gjekk ned med 15 prosent, medan dei faste kostnadene inkl. avskrivningar gjekk ned med fem prosent.

Nettoinvesteringa var negativ for desse bruka i 2018. I 2019 auka nettoinvesteringane til 57 000 kroner i snitt per bruk. Også her vart det investert mest i maskiner og reiskap.

Driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 31 prosent av familiens samla inntekter i gjennomsnitt for alle bruka frå Agder og Rogaland andre bygder, ein nedgang på heile ti prosentpoeng frå 2018. Tilleggsnæringer utgjorde sju prosent, og løsinntekt utgjorde 49 prosent av familiens samla inntekter. Resten av inntekta er skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld gjekk ned med fem prosent frå 2018 til 2019, til 4,0 millionar kroner i Agder og Rogaland andre bygder. Rentekostnadene auka med fire prosent til 128 700 kroner.

Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå dei andre bygdene i Rogaland og Agder 261 400 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 28 000 kroner per årsverk.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Nettoinvestering er nyanlegg minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.


Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2019 var det i alt 930 bruk med i driftsgranskingane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». Årsaka er at Jæren har betre grunnlag for jordbruksproduksjon enn resten av Rogaland og Agder. I alt var det med 64 bruk frå Jæren og 92 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Alle dei presenterte resultatane er gjennomsnittstal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Gjennomsnittstala for dei 156 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.

Samla oversikt for 2019

Tabell 2.1 Samla oversikt over driftsoverskot per bruk, jordbruksinntekt og skattekorrigert vederlag per årsverk. Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner. Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen

| | Tal bruk | Innmarksareal | Driftsoverskot per bruk | | Jordbruksinntekt per årsverk | | Skattekorrigert vederlag per årsverk | |
|--------------------------------|----------|---------------|-------------------------|---------|------------------------------|---------|--------------------------------------|---------|
| | | | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Rogal./Agder, alle | 156 | 371 | 422 900 | 418 400 | 285 800 | 268 200 | 315 700 | 295 500 |
| Jæren, alle | 64 | 371 | 427 800 | 543 200 | 270 800 | 309 800 | 299 400 | 336 300 |
| 200-300 daa | 14 | 255 | 412 200 | 364 800 | 281 000 | 203 900 | 311 500 | 228 300 |
| 300-500 daa | 17 | 385 | 332 000 | 410 900 | 184 100 | 232 900 | 211 000 | 261 100 |
| > 500 daa | 14 | 383 | 615 800 | 704 800 | 276 900 | 297 200 | 300 500 | 320 200 |
| Mjølkk | 20 | 331 | 454 100 | 401 700 | 264 700 | 225 600 | 295 800 | 253 600 |
| Mjølkk/gris | 11 | 554 | 719 200 | 855 300 | 335 500 | 358 700 | 360 900 | 379 800 |
| Agder og Rogaland andre bygder | 92 | 370 | 419 500 | 307 900 | 297 700 | 233 400 | 328 700 | 261 400 |
| 100-200 daa | 15 | 163 | 184 400 | 134 300 | 187 200 | 169 800 | 227 800 | 204 600 |
| 200-300 daa | 20 | 245 | 281 300 | 170 500 | 214 000 | 155 100 | 244 200 | 182 400 |
| 300-500 daa | 31 | 378 | 425 600 | 294 600 | 293 500 | 214 500 | 328 200 | 246 200 |
| > 500 daa | 22 | 675 | 725 700 | 574 900 | 371 000 | 285 100 | 398 500 | 310 000 |
| Mjølkk | 30 | 384 | 483 600 | 397 500 | 307 400 | 240 800 | 340 400 | 270 700 |
| Mjølkk/sau | 8 | 489 | 591 000 | 318 400 | 334 100 | 193 600 | 365 000 | 222 800 |
| Sau | 19 | 273 | 145 800 | 79 900 | 172 700 | 98 700 | 205 000 | 124 500 |



Figur 2.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 2010–2019


3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

3.1 Resultatmål i jordbruket


Driftsoverskotet er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke vederlag til familiens eigen arbeidsinnsats, eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital. Figur 3.1 viser at Jæren har hatt høgast driftsoverskot i løpet av tiårs perioden, sjølv om det har vore ein del variasjon over tid. I 2018 var det eit kraftig fall i driftsoverskotet på Jæren, før det auka igjen i 2019. Driftsoverskotet i Andre bygder har vore lågare samanlikna med Jæren, men har i stor grad halde tritt med utviklinga til landsgjennomsnittet. I perioden 2011 til 2014 har driftsoverskotet i Andre bygder vore høgare enn landsgjennomsnittet, medan det motsette har vore tilfelle i dei tre siste åra med unnatak av 2018.

Det kraftige fallet blant bruka på Jæren i perioden 2016-2018 skuldast fleire faktorar. Det var ein auke i kostnader knytt til kraftfôr og grovfôr. Også andre kostnader har auka gjennom perioden. Dessutan var det prisnedgang på fleire viktige husdyrprodukt. Som følgje av lågare prisar og lågare produksjon i svinholdet, gjekk driftsoverskotet blant produsentane av mjølk og gris kraftig tilbake frå 2017 til 2018. Produksjonen for denne driftsforma auka i 2019, som bidrog til driftsoverskotet på Jæren auka frå året før. Ei anna medverkande årsak skyldast høgare inntekter for produsentar av slaktekylling.

Også i Andre bygder har det vore kostnadsauke knytt til forkjøp og andre kostnader, i tillegg til prisnedgang på viktige husdyrprodukt. I 2018 vart denne effekten motverka av produksjonsauke i tillegg til avlingsskadeerstatning som vart utbetalt i samband med tørken. Ettersom erstatningane vart utbetalt i 2018, medan enkelte av etterverknadane i form av lågare produksjon som følgje av formangel etter tørken kom i 2019, vart produksjonsinntektene kraftig redusert. Også kostnadane vart redusert frå 2018 til 2019, men ikkje i stor nok grad til å kompensera for fall i inntektene. Desse faktorane bidrog til at driftsoverskotet falt kraftig.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område, 2010-2019.



Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke, 2010-2019.

Av figur 3.2 kan ein observera at driftsoverskotet i Agder auka i perioden 2010-2013. Med unntak av 2016 gjekk driftsoverskotet ned med kr 90 000 målt i faste 2019 kroner fram til 2017. Dei store utslaga i 2018 og 2019 er samanfallande med utviklinga i Andre bygder. Auken i 2018 og nedgangen i 2019 var større for bruka i Agder, samanlikna med Andre bygder totalt sett. Utviklinga i driftsoverskotet i Rogaland følgjer i stor grad den same utviklinga som Jæren.


Figur 3.3 viser gjennomsnittleg jordbruksinntekt for Jæren, Andre bygder og heile landet i perioden 2010 til 2019, medan figur 3.4 og 3.5 viser jordbruksinntekt for driftsformene mjølk og svin på Jæren, mjølk og storfe på Jæren, mjølk og storfe i Andre bygder, mjølk og sau i Andre bygder, sau Andre bygder og ammekyr Andre Bygder i same periode. Jordbruksinntekt er her definert som vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og forrenting av eigenkapitalen.




Figur 3.3 Jordbruksinntekt, målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, Jæren og Andre bygder samanlikna med gjennomsnitt for landet, 2010–2019.

Jordbruksinntekta på Jæren har lege godt over landsgjennomsnittet i heile perioden unntatt i 2014, då det var liten skilnad mellom Jæren, Andre bygder og heile landet. Som vist i figur 3.12, har det vore store investeringskostnader på Jæren i forhold til dei andre landsdelane dei siste åra, noko som har påverka resultatet for denne regionen. Investeringar fører ofte til betre resultat på litt sikt, sjølv om resultatet i åra rundt investeringa er noko dårlegare enn på bruk som ikkje har investert. 2015 og 2016 ser ut til å ha vore svært gode år for Jærbøndene, medan det var ei negativ utvikling i 2017 og 2018. Utviklinga i vederlag til arbeid og egenkapital følger i stor grad av utviklinga i driftsoverskotet, men vert også påverka av tal arbeidstimar og endringar i rentekostnadane. Høgare driftsoverskot i 2019 bidrog til høgare vederlag på Jæren, sjølv om både rentekostnadene og tal arbeidstimar gjekk opp.

Andre bygder har følgd utviklinga for landsgjennomsnittet heilt fram til 2014, men har i perioden fram til 2017 vore ein del lågare. I motsetnad Jæren og resten landet, gjekk vederlaget for bruka i Andre bygder ned med kr 70 500 frå 2018 målt i faste 2019 kroner. Lågare driftsoverskot forklarar i stor grad den kraftige nedgangen i Andre bygder, ettersom det var relativt små endringar i både rentekostnader og tal arbeidstimar.



Figur 3.4 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for ulike driftsformer, Jæren 2010-2019.




Figur 3.5 Jordbruksinntekt målt som vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk, for ulike driftsformer, Andre bygder 2010-2019.

Det er driftsforma mjølk og svin på Jæren som har hatt høgast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene i tiårsperioden, med unntak av 2013 og 2018, sjå figur 3.4. Denne driftsforma hadde eit kraftig fall i 2018 som følge av lågare produksjon og prisar. Produksjonen av mjølk, storfekjøtt og svinekjøtt auka for denne driftsforma i 2019, som igjen bidrog til ein auke i jordbruksinntekta frå 2018 til 2019. Også i 2019 var det mjølk og svin som hadde den høgaste jordbruksinntekt med om lag kr 360 000 i snitt. Det er få bruk i denne gruppa, så utskifting av bruk og endringar på enkeltbruk kan gje store utslag.


Driftsformene sau og ammekyr i Andre bygder har hatt lågast jordbruksinntekt i perioden. I 2019 oppnådde sau i Andre bygder ei jordbruksinntekt per årsverk på kr 100 000 i snitt. Alle dei presenterte driftsformene med unntak av ammekyr (Andre Bygder) og mjølk og svin (Jæren) hadde ein nedgang i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk frå 2018 til 2019. Lågare produksjon og prisar bidrog til nedgang i jordbruksinntekta for dei fleste husdyrproduksjonane. Auka produksjon av storfekjøtt, auka tilskot, samt lågare renteutgifter og arbeidsforbruk bidrog likevel til høgare jordbruksinntekt for bruka med ammekyr i Agder og Rogland andre bygder.

I figurane 3.6- 3.8 er lønsevne per time presentert. Lønsevne per time er arbeidsforteneste til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når all innsett kapital har fått godtgjering. Kalkulasjonsrenta låg tidlegare på tre prosent, men var sett til to prosent i perioden 2015-2019.




Figur 3.6 Lønsevne per time, gjennomsnitt for landet, Jæren og Andre bygder, 2010-2019.

Av figur 3.6 kan ein sjå at det har vore ein nedgang i lønsevne per time på Jæren i perioden frå 2015 til 2018, medan det har vore ein auke frå 2018 til 2019. I Andre bygder gjekk lønsevna kraftig ned. Figur 3.7 og 3.8 visar lønsevne per time fordelt på ulike produksjonane på Jæren og i Andre Bygder. Utviklinga i lønsevne for dei ulike driftsformene er i stor grad samanfallande med utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital over tid. I perioden 2015 til 2017 låg driftsforma mjølk og svin på Jæren ein del høgare samanlikna med dei andre driftsformene på Jæren og i Andre Bygder. I løpet av dei siste to årene, har forskjellen i lønsevne mellom driftsformene vorte mindre. Likevel er det ein forskjell på 150 kr per time mellom dei driftsformene som har den høgaste og lågaste lønsevna i 2019.




Figur 3.7 Lønsevne per time, ulike produksjonar, Jæren, 2010-2019.



Figur 3.8 Lønsevne per time, ulike produksjonar, Andre bygder, 2010-2019.


3.2 Totaløkonomi

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien (hushaldsinntekta) for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjoner, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår. I 2019 ligg Jæren og Andre bygder begge under landsgjennomsnittet når det gjeld nettoinntekt. I Andre bygder var det ein nedgang i nettoinntekta, medan det var ein stor auke på Jæren. Av dei to regionane var det det Jæren som hadde høgast nettoinntekt med kr 876 100, men forskjellen mellom regionane var berre kr 11 500 i 2019.




Figur 3.9 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med Landet, 2010-2019.

Nedgangen i nettoinntekt i Andre Bygder skuldast i hovudsak nedgang i driftsoverskotet i jordbruket, sidan bidraget frå andre næringar, lønsinntekt, kapitalinntekter og pensjoner auka. Også på Jæren er det auke i driftsoverskotet i jordbruket som forklarar endringa i nettoinntekta frå 2018 til 2019. Med unnatak av bidraget frå andre næringar, var det også her ein auke frå dei andre inntektskomponentane. Figur 3.10 og 3.11 viser fordelinga av bidraget til nettoinntekt på Jæren og Andre bygder over tiårsperioden. Bidraget frå lønsinntekt og driftsoverskot utgjer over 80 prosent i begge regionane. I Andre bygder har det vore ein nedgang i bidraget frå jordbruket i løpet av dei siste åra, medan lønsinntekt utgjer ein større del av nettoinntekta.



Figur 3.10 Prosentvis fordeling av samla inntekt i Jæren, 2010-2019.




Figur 3.11 Prosentvis fordeling av samla inntekt i Andre bygder, 2010-2019.

3.3 Nettoinvesteringar, gjeld og gjeldsprosent


Nettoinvesteringar er investeringar gjorde i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. Svingingar i nettoinvesteringar må sjåast i lys av rentenivå, forventningar til framtidig rentenivå, samt gjeldsgraden og lønsemda til gardsbruket. Sjølv om nettoinvesteringar ikkje inkluderer investeringstilskot, inngår slike tilskot i investeringsplanlegginga. Til ei viss grad vert derfor utviklinga i nettoinvesteringane påverka av tilskotsmidlar til landbruket.

Sjølv i relativt store grupper vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må difor vurdere nettoinvestering over tid. Figur 3.12 viser nettoinvesteringane for ulike landsdelar. Jæren, Agder og Rogaland andre bygder og Trøndelag andre bygder er dei landsdelane som har investert mest. I 2019 var nettoinvesteringane på Jæren negative. Negative nettoinvesteringar vil seie at produksjonsapparatet ikkje vert fornya i takt med slitasjen.




Figur 3.12 Akkumulerte nettoinvesteringar 2002--2019 og nettoinvestering i 2019 for ulike landsdelar.

Av figur 3.13 kan ein sjå at i perioden 2014-2016 har investeringane vore høgare i Andre bygder samanlikna med Jæren, I resten av tiårsperioden har investeringane vore høgast på Jæren. Samla sett har Jæren hatt dei høgaste nettoinvesteringane dersom ein ser perioden frå 2002 til 2019 under eitt. Det kan ein sjå av figur 3.12. I 2019 var nettoinvesteringane ein del lågare både på Jæren og i Andre bygder samanlikna med 2018. Etter fleire år med relativt høge nettoinvesteringar i begge regionar, er det ikkje uventa at nivået på investeringane faller. På Jæren vart det investert mest i jord, vegar og vassanlegg, medan det i Andre Bygder vart investert mest i mjølkekvote i 2019.




Figur 3.13 Nettoinvesteringar per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2010-2019.

Gjeld er her all gjelda til brukarfamilien, også privat gjeld slik som gjeld til bustad, bil og studielån. Gjelda har vore aukande gjennom perioden både for Jæren og for landet, sjå figur 3.14. Når det gjeld Jæren, kan ein observere ein liten nedgang frå 2015 til 2016, samt frå 2011 til 2012. For Andre bygder har det vore ein auke i gjelda i perioden 2011 til 2017, medan det dei to siste åra har vore ein nedgang. På landbasis var auken i gjelda frå 2018 til 2019 låg samanlikna med tidlegare år. Utviklinga i gjeld må sjåast i samanheng med nettoinvesteringane, sjå figur 3.12. Bruka på Jæren ligg i gjennomsnitt på seks millionar kroner i gjeld, noko som er 1,9 millionar kr høgare enn gjennomsnittet for landet. Når det gjeld bruka i resten av Rogaland og Agder, hadde desse i gjennomsnitt fire millionar kr i gjeld i 2019, noko som er litt lågare enn landsgjennomsnittet.



Figur 3.14 Gjeld i gjennomsnitt per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2010-2019.



Figur 3.15 Gjeldsprosent per bruk, Jæren og Andre bygder samanlikna med landet, 2010-2019.

Gjeldsprosenten viser kor stor del av egedelane som er finansierte med framandkapital. Bruka på Jæren hadde ein gjeldsprosent på 55,2 prosent i 2019, medan gjennomsnittet for Andre bygder og heile landet var på høvesvis 53,8 og 48,4 prosent, sjå figur 3.15. Gjeldsprosenten for Jæren gjekk ned med to prosentpoeng, etter at at han gjekk opp frå 2017 til 2018. For Andre bygder kan ein observere ein nedgang, etter ein auke i perioden 2014-2018 . Også for for landet gjekk gjeldsprosenten ned etter ein auke frå 2017 til 2018. Lågare gjeldsprosent gjer høgare soliditet, som igjen bidreg at det er lettare å handtera år med underskudd.

3.4 Inntektsverknad av jordbruksfrådraget

Jordbruksfrådraget er eit inntektspolitisk verkemiddel for å auke disponibel inntekt etter skatt for bøndene. Dette verkemiddelet er ikkje omfatta av WTO-avtalen. Jordbruksfrådraget vart innført i 2000 og har gradvis auka sidan då. I 2007 vart maksimalt frådrag auka frå kr 71 500 til kr 142 000, og har lege på same nivå til og med 2011. Frå 2012 har det maksimale frådraget vore på kr 166 400.

Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane, og kjem i tillegg til dei presenterte resultatmåla. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein del av inntekts - politikken i jordbruket, og jordbruksfrådraget vert gjeve til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og /eller pelsproduksjon som næring, sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk.

For 2019 gjaldt følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 63 500 vart jordbruksfrådraget lik inntekta; ved næringsinntekt frå kr 63 500 og opp til kr 334 300 vart frådraget kr 63 500 pluss 38 prosent av all inntekt over kr 63 500. For å få maksimalt frådrag på kr 166 400, må næringsinntekta være lik eller høgare enn kr 334 300. Frådraget kan delast mellom brukar og eventuell ektefelle. Skattelette vert rekna til 22 prosent av jordbruksfrådraget.

Det vart registrert kor stort jordbruksfrådraget var på alle bruka i driftsgranskingane i 2019 for å sjå på utnyttingsgraden. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 133 486. Bruka på Jæren låg høgare enn landsgjennomsnittet og fekk i snitt eit frådrag på kr 146 012. Bruka i Andre bygder låg under landsgjennomsnittet med kr 127 153. Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Ein må også vere klar over at andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget.

Tabell 3.1 Jordbruksfrådrag 2019, region


| Regionar | Tal bruk | Tal bruk med maks. frådrag | Tal bruk utan frådrag | Jordbruksfrådrag, kroner | Skatte-reduksjon | Inntekts-verknad per årsverk |
|--------------------------|------------|----------------------------|-----------------------|--------------------------|------------------|------------------------------|
| Austlandet, flatbygder | 185 | 87 | 30 | 114 527 | 25 196 | 37 415 |
| Austlandet, andre b | 146 | 59 | 16 | 115 702 | 25 454 | 32 397 |
| Jæren | 64 | 42 | 3 | 146 012 | 32 123 | 26 584 |
| Agder/Rogaland, andre b. | 92 | 46 | 8 | 127 153 | 27 974 | 27 951 |
| Vestlandet | 188 | 116 | 11 | 149 006 | 32 781 | 28 504 |
| Trøndelag flatbygder | 73 | 47 | 4 | 142 245 | 31 294 | 38 985 |
| Trøndelag, andre bygder | 72 | 39 | 5 | 137 887 | 30 335 | 31 658 |
| Nord-Noreg | 110 | 85 | 2 | 151 764 | 33 388 | 30 720 |
| Alle | 930 | 521 | 79 | 133 486 | 29 367 | 31 318 |

Tabell 3.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik, i 2019

| Arealgruppe | Tal bruk | Tal bruk med maks. frådrag | Tal bruk utan frådrag | Jordbruksfrådrag, kroner | Skatte-reduksjon | Inntekts-verknad per årsverk |
|--------------|----------|----------------------------|-----------------------|--------------------------|------------------|------------------------------|
| Jæren | | | | | | |
| 100-200 daa | 9 | 7 | 0 | 147 133 | 32 369 | 42 024 |
| 200-300 daa | 14 | 7 | 1 | 123 372 | 27 142 | 24 413 |
| 300-500 daa | 17 | 9 | 1 | 138 081 | 30 378 | 28 209 |
| over 500 daa | 17 | 13 | 1 | 159 864 | 35 170 | 23 010 |
| Alle | 64 | 42 | 3 | 146 012 | 32 123 | 26 584 |
| Andre bygder | | | | | | |
| 100-200 daa | 15 | 3 | 4 | 91 067 | 20 035 | 34 800 |
| 200-300 daa | 20 | 7 | 2 | 114 587 | 25 209 | 27 341 |
| 300-500 daa | 31 | 15 | 2 | 130 881 | 28 794 | 31 661 |
| over 500 daa | 22 | 19 | 0 | 159 183 | 35 020 | 24 890 |
| Alle | 92 | 46 | 8 | 127 153 | 27 974 | 27 951 |

Tabell 3.3 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer, i 2019

| Driftsform | Tal bruk | Tal bruk med maks. frådrag | Tal bruk utan frådrag | Jordbruksfrådrag, kroner | Skatte-reduksjon | Inntekts-verknad per årsverk |
|---------------------|----------|----------------------------|-----------------------|--------------------------|------------------|------------------------------|
| Jæren | | | | | | |
| Mjølkk | 20 | 13 | 1 | 140 743 | 30 963 | 28 049 |
| Mjølkk-svin | 11 | 9 | 1 | 142 559 | 31 363 | 21 125 |
| Mjølkk-sau | 10 | 7 | 0 | 170 944 | 37 608 | 31 710 |
| Andre bygder | | | | | | |
| Mjølkk | 30 | 22 | 0 | 156 566 | 34 445 | 29 964 |
| Mjølkk-sau | 8 | 6 | 0 | 154 674 | 34 028 | 29 242 |
| Sau | 19 | 3 | 4 | 70 256 | 15 456 | 25 771 |




Figur 3.16 Skattejustert jordbruksinntekt målt som skattejustert vederlag til arbeid og egenkapital samanlikna med jordbruksinntekt før justering, 2010-2019.

4 Tilleggsnæringar

Å drive med ulike tilleggsnæringar er vanleg i landbruket. Tilleggsnæring relaterer seg til næringsverksemd som tek utgangspunkt i gardens ressursar, som til døme bygningar og maskinar. Under denne kategorien finn ein blant anna utleige av kårhus, maskinkøyning, vidareforedling, vareproduksjon og gardsturisme. Arbeid innan tilleggsnæring vert i stor grad utført av brukarfamilien, men også leid hjelp nyttast i en viss grad.


Omfanget av tilleggsnæring varierer frå bruk til bruk. Ofte kan det vere fleire type tilleggsnæring på eit enkelt bruk, men nokre tilleggsnæringar er meir vanlege enn andre. Dette gjeld i særleg grad utleie av kårhus og maskinkøyning. I figur 4.1 kan ein sjå at 76 prosent av driftsgranskingsbruka i Agder og Rogaland hadde omsetning frå tilleggsnæring i 2019, og 64 prosent hadde omsetning over kr 20 000. For heile landet er tilsvarende tal 82 og 67 prosent. Bidraget til totaløkonomien varierer ein del frå bruk til bruk, men i gjennomsnitt bidreg driftsoverskotet i tilleggsnæring til 10 prosent av nettoinntekta når ein ser på heile landet. I Agder og Rogaland låg bidraget litt lågare, mellom 7 og 8 prosent.




Figur 4.1 Prosentdel av bruk med tilleggsnæring og bruk med over 20 000 i omsetning, ulike landsdelar og landet.

4.1 Økonomi og arbeidsforbruk

Når det gjeld gjennomsnittleg driftsoverskot per bruk, kan ein sjå av figur 4.2 at med unnatak av enkeltår, er det liten forskjell mellom Agder og Rogaland og resten av landet. Driftsoverskot per bruk er målt i faste 2019-kroner og gjennomsnittet for Agder og Rogaland var på kr 67 700, medan det for resten av landet var kr 70 500 for 10-årsperioden. Også når det gjelder arbeidsforbruk i tilleggsnæring er det liten forskjell, då gjennomsnittleg arbeidsforbruket var høvesvis 175 og 178 timar. Både driftsoverskot og arbeidsforbruk låg høgare enn landsgjennomsnittet i fyrste delen av perioden, medan det motsette har vore tilfelle dei siste åra.




Figur 4.2 Gjennomsnittleg driftsoverskot i tilleggsnæring 2010-2019, Agder og Rogaland og heile landet, 2019 kroner



Figur 4.3 Gjennomsnittleg arbeidsforbruk i tilleggsnæring 2010-2019, Agder og Rogaland og heile landet

Dersom ein ser på driftsoverskot per time, kan ein observera at bruka i Agder og Rogaland ligg høgare samanlikna med resten av landet. I snitt over tiårsperioden låg driftsoverskotet per time på høvesvis 419 og 399 kroner. Også her er det relativt liten forskjell mellom de to ulike gruppene. I perioden 2010–2013 låg driftsoverskotet per time stabilt, men har sidan 2014 vore aukande.



Figur 4.4 Gjennomsnittlig driftsoverskot per time i tilleggsnæring 2010-2019, Agder og Rogaland og heile landet, 2019 kroner

5 Tabellsamling 2015-2019

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskningane for åra 2013–2017. Det er presentert tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Det er følgjande hovudtabellar:

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Jæren, alle bruk
5. Jæren, storleiksgruppe 3(100–199 daa), alle driftsformer
6. Jæren, storleiksgruppe 4(200–299 daa), alle driftsformer
7. Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 daa), alle driftsformer
8. Jæren, storleiksgruppe 6 (Over 500 daa), alle driftsformer
9. Jæren, mjølkeproduksjon og storfeproduksjon
10. Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
11. Andre bygder, alle bruk
12. Andre bygder, storleiksgruppe 3(100–199 daa), alle
13. Andre bygder, storleiksgruppe 4(200–299 daa), alle driftsformer
14. Andre bygder, storleiksgruppe 5(300–500 daa), alle driftsformer
15. Andre bygder, storleiksgruppe 6 (Over 500 daa), alle driftsformer
16. Andre bygder, mjølkeproduksjon og storfeproduksjon
17. Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
18. Andre bygder, sauehald
19. Andre bygder, storfekjøtt spesialisert
20. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe under 20 årskyr
21. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe 20-29,9 årskyr
22. Agder og Rogaland, mjølkeproduksjon, storleiksgruppe frå og med 30 årskyr

Tabellane er delt inn i seks delar: a, b, c, d, e og f

Del a: Produksjonstekniske data og oppnådde prisar.

Del b: Nettoinvesteringar

Del c: Produksjonsinntekter per bruk

Del d: Kostnader per bruk

Del e: Resultatrekning

Del f: Balanse og arbeidskapital per 31.12

Fylkestat, Rogaland

Tabell 1a. Produksjonstekniske data og oppnådde priser

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|----------|----------|---------|---------|---------|
| Tal bruk | 97 | 101 | 98 | 96 | 97 |
| Alder på brukar | 47 | 48 | 46 | 46 | 47 |
| Arealfordeling og avling | | | | | |
| Korn, daa | 4,2 | 8,5 | 8,4 | 6,9 | 5,8 |
| Grovfôr, daa | 341,1 | 344,6 | 356,3 | 362,8 | 376,9 |
| Anna areal, daa | 2,4 | 2,8 | 1,6 | 3,2 | 2,4 |
| Jordbruksareal, daa | 347,6 | 355,9 | 369,0 | 372,9 | 385,0 |
| - herav leigd areal, daa | 125,3 | 131,2 | 134,5 | 137,7 | 148,7 |
| Korn, FEm pr daa ¹⁾ | 383 | 425 | 431 | 582 | 561 |
| Grovfôr, FEm pr daa | 387 | 372 | 367 | 350 | 394 |
| Jordbruksareal, FEm pr daa | 387 | 374 | 369 | 356 | 398 |
| Husdyrproduksjon | | | | | |
| Tal årskyr | 19,4 | 19,1 | 20,8 | 21,8 | 22,6 |
| Kumjølk, liter omsett | 141 042 | 133 998 | 142 663 | 156 670 | 161 728 |
| Mjølkevote | 147 113 | 140 997 | 152 433 | 166 278 | 167 783 |
| Produsert mjølk pr årsku, kg | 8 000 | 7 751 | 7 641 | 7 941 | 7 924 |
| Storfekjøt, kg omsett | 5 026 | 5 071 | 6 282 | 6 856 | 7 147 |
| Tal avlsgriser | 9,1 | 9,9 | 9,8 | 7,1 | 5,6 |
| Salbare smågriser | 200 | 195 | 203 | 173 | 172 |
| Svinekjøt slaktegris, kg omsett | 12 998 | 11 287 | 13 583 | 13 376 | 11 763 |
| Tal vinterfôra sauer (vfs) | 66 | 71 | 71 | 60 | 57 |
| Kg kjøt pr vfs | 27 | 29 | 26 | 28 | 31 |
| Ull, kg omsett pr vfs | 4,3 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 4,3 |
| Arbeidsforbruk, timar | | | | | |
| Brukar | 2 030 | 1 942 | 2 033 | 2 011 | 2 059 |
| Ektefelle | 254 | 322 | 326 | 350 | 410 |
| Barn under 17 år | 36 | 22 | 26 | 21 | 19 |
| Sum familie | 2 321 | 2 286 | 2 384 | 2 383 | 2 489 |
| Leigd arbeid | 1 007 | 1 011 | 1 059 | 951 | 1 044 |
| Sum timar i jordbruket | 3 329 | 3 297 | 3 443 | 3 333 | 3 533 |
| Sum timar i skogbruket | 9 | 17 | 18 | 15 | 13 |
| Sum timar tilleggsnæring | 151 | 191 | 168 | 107 | 92 |
| Familiens arbeid på nyanlegg | 15 | 32 | 20 | 14 | 29 |
| Familiens arbeid i anna verksemd i alt | 1 315 | 1 308 | 1 220 | 1 292 | 1 238 |
| Oppnådde priser | | | | | |
| Bygg, kr pr kg | 2,26 | 2,39 | 2,47 | 2,56 | 2,65 |
| Hvete, kr pr kg | | 2,39 | 2,52 | 2,63 | |
| Kumjølk, kr pr l | 5,25 | 5,54 | 5,71 | 5,67 | 5,61 |
| Kukjøt, kr pr kg | 45,62 | 47,53 | 48,77 | 48,88 | 46,65 |
| Anna storfekjøt, kr pr kg | 52,54 | 53,74 | 53,57 | 52,08 | 51,85 |
| Smågris for sal, kr pr stk. | 1 114,42 | 1 025,95 | 961,74 | 862,81 | 836,69 |
| Svinekjøt slaktegris, kr pr kg | 29,09 | 28,82 | 27,30 | 26,24 | 26,31 |
| Sau- og lammekjøt, kr pr kg | 53,90 | 48,86 | 42,50 | 41,64 | 43,97 |
| Ull, kr pr kg | 35,66 | 35,15 | 38,19 | 40,41 | 38,73 |

1) Inkl. nytta halmavling

Tabell 1b: Nettoinvesteringar

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-----------------------------|---------|---------|---------|---------|----------|
| Jord, grøfter og vassanlegg | 32 720 | 33 520 | 65 695 | 40 607 | 59 170 |
| Driftsbygningar | 50 023 | 243 590 | 177 857 | 42 680 | -102 875 |
| Maskinar og reiskap | 35 025 | 22 432 | 51 774 | 20 147 | 15 612 |
| Mjølkevote (ku og geit) | 30 581 | 19 629 | 34 872 | 50 129 | 23 976 |
| Sum nettoinvesteringar | 148 349 | 319 171 | 330 198 | 153 563 | -4 117 |

Tabell 1c: Produksjonsinntekter per bruk

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-----------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Planteprodukt | | | | | |
| Korn | 2 788 | 8 120 | 8 091 | 9 477 | 8 321 |
| Andre planteprodukt | 191 221 | 179 520 | 175 831 | 207 805 | 238 120 |
| Planteprodukt i alt | 194 009 | 187 640 | 183 922 | 217 282 | 246 441 |
| Husdyrprodukt | | | | | |
| Storfe, mjølk | 757 339 | 741 757 | 814 100 | 888 835 | 907 971 |
| Storfe, livdyr | 50 492 | 58 046 | 71 783 | 62 481 | 64 532 |
| Kuslakt | 119 300 | 134 266 | 151 054 | 139 538 | 140 698 |
| Anna storfeslakt | 157 860 | 165 054 | 228 256 | 196 970 | 219 527 |
| Smågris | 143 773 | 123 889 | 123 739 | 77 798 | 101 392 |
| Slaktegris | 364 379 | 334 987 | 380 873 | 351 428 | 298 833 |
| Avlsgris | 21 075 | 23 955 | 14 665 | 13 558 | 11 882 |
| Sauer, livdyr og slakt | 105 264 | 100 993 | 70 552 | 76 923 | 82 609 |
| Ull | 10 064 | 9 998 | 10 722 | 9 041 | 9 544 |
| Andre inntekter, husdyrhald | 309 094 | 409 855 | 340 799 | 330 795 | 382 914 |
| Husdyrprodukt i alt | 2 038 640 | 2 102 800 | 2 206 543 | 2 147 367 | 2 219 902 |
| Tilskot | | | | | |
| Kulturlandskapstilskot | 51 333 | 52 481 | 50 830 | 48 036 | 51 220 |
| Arealtilskot, grovfôr | 23 135 | 25 548 | 25 618 | 26 255 | 33 535 |
| Arealtilskot, korn | 905 | 1 000 | 2 163 | 1 920 | 1 338 |
| Produksjonstillegg, husdyr | 172 434 | 154 804 | 146 039 | 148 589 | 157 692 |
| Botnfrådrag | -6 521 | -7 101 | -6 042 | -5 752 | -5 899 |
| Drifts-, grunn og dist.tilskot | 127 158 | 146 784 | 186 310 | 191 199 | 203 586 |
| Beitetilskot | 39 515 | 40 379 | 42 298 | 34 221 | 40 258 |
| Regionale miljøtilskot | 8 068 | 8 228 | 11 770 | 9 372 | 12 028 |
| Refunderte avløysarutgifter | 73 305 | 69 457 | 71 933 | 67 466 | 74 328 |
| Andre tilskot | 9 989 | 6 770 | 12 235 | 44 063 | 14 008 |
| Tilskot i alt | 499 321 | 498 350 | 543 154 | 565 369 | 582 094 |
| Leigeinntekt, traktor og reiskap | 21 852 | 10 874 | 12 185 | 20 616 | 19 968 |
| Andre inntekter | 10 431 | 15 459 | 14 526 | 38 008 | 33 508 |
| Produksjonsinntekter i alt | 2 764 253 | 2 815 123 | 2 960 330 | 2 988 642 | 3 101 913 |

Tabell 1d: Kostnader per bruk

| År | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Variable kostnader | | | | | |
| Kraftfôr | 696 363 | 711 073 | 756 962 | 819 146 | 819 113 |
| Anna fôrkostnader inkl. beiteleige | 53 161 | 53 617 | 60 017 | 95 238 | 66 715 |
| Såvarer | 14 123 | 16 259 | 20 798 | 23 717 | 28 755 |
